



Høring - namn på nye adresseparsellar - 0541.00 områdeplan for BL1, BLF1 og GL2 sør for Lyevegen, Lyefjell

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Utval for lokal utvikling	022/26	05.03.2026

Kommunedirektøren si innstilling

Følgjande forslag til namn på nye adresseparsellar på Lyefjell - 0541.00 Områdeplan for BL1, BLF1 og GL2 vert lagt ut på høring.

Parsell 1: Larheivegen

Parsell 2: Sandsteinvegen

Parsell 3 Gneisvegen

Parsell 4 Konglomeratvegen

Parsell 5 Marmorvegen

Parsell 6 Grønsteinvegen

Parsell 7 Fylittvegen

Utval for lokal utvikling

Tilleggsforslag frå **Pål Undheim (H)** Ønsker alternative forslag på parsell 4 Konglomeratvegen.

Kommunedirektøren si innstilling vart vedtatt med 8 mot 1 røyst (Ap).
Tilleggsforslaget frå Pål Undheim vart vedtatt med 8 mot 1 røyst (SV).

ULK - 022/26 Vedtak:

Følgjande forslag til namn på nye adresseparsellar på Lyefjell - 0541.00 Områdeplan for BL1, BLF1 og GL2 vert lagt ut på høyring med tillegg i parsell 4 ønsker alternative namneforslag på parsellen.

Parsell 1: Larheivegen

Parsell 2: Sandsteinvegen

Parsell 3 Gneisvegen

Parsell 4 Konglomeratvegen (ønsker alternative namneforslag på parsellen)

Parsell 5 Marmorvegen

Parsell 6 Grønsteinvegen

Parsell 7 Fylittvegen

Høyring - namn på nye adresseparsellar - 0541.00 områdeplan for BL1, BLF1 og GL2 sør for Lyevegen, Lyefjell

Saka gjeld

Det er oppretta 7 nye adresseparsellar på Lyefjell. Parsellane skal nå namnsetjast. Parsellane er oppretta ved administrativt vedtak, sjå vedlegg 1

Saksopplysningar

Time kommune skal tildela alle gater, vegar, stiar, plassar eller område som blir brukt i offisiell adressering eit namn som er eintydig innanfor kommunen, jf. matrikkelføreskrifta § 51. Etter lov om stadnamn bør nye adressenamn byggja på lokale stadnamn, og skrivemåten skal vera i tråd med reglane i loven.

Det er utval for lokal utvikling som fastset namn på nye adresseparsellar i Time kommune. I denne saka skal utvalet ta stilling til namn som skal leggest ut på høyring. Namneforslaga blir kunngjort på kommunen si heimeside og i Jærbladet, og sendt historielaget og fortidsminneforeininga. Etter høyring får utvalet saka til ny og endeleg behandling. Endeleg vedtak blir sendt Sentralt stadnamnregister (SSR) for registrering.

Nye adresseparsellar

Adresseparsellane har tilkomst frå Lyevegen, sjå vedlegg 2 og 3.

- Adresseparsell 1: Veggen går inn i planområdet frå Lyevegen, og er innkøyring til delområde B6.
- Adresseparsell 2: Innkøyring til delfelt B1.1 og B1.2.
- Adresseparsell 3: Innkøyring til delfelt B1.3, B1.4, B1.5, B1.6 og B1.7.
- Adresseparsell 4: Innkøyring til delfelt B4.
- Adresseparsell 5: Innkøyring til delfelt B2.1, B2.2, B2.3, B2.4 og B2.5
- Adresseparsell 6: Innkøyring til delfelt B3.1, B3.2, B3.3 og B3.4.
- Adresseparsell 7: Innkøyring til delfelt B5.

Adressenamn i nærområdet er Lyevegen, Granittvegen, Skifervegen og Malmvegen.

Vurdering

Etter konsultasjon med lokalkjende har kommunedirektøren kome til at følgande vegnamn vil passa i dette tilfellet:

Parsell 1: Larheivegen

Denne parsellen fører mot garden Larheia. Å kalla parsellen Larheivegen vil vera å vidareføra tradisjonen med å ta opp eldre gardsnamn i nye vegnamn, samt å følgja vanleg praksis med å kalla opp vegen etter staden den fører til.

Parsell 2: Sandsteinvegen

Denne parsellen ligg nær dei andre vegane på Lye som har fått namn etter norske bergartar, og det å bruka dette emnet vidare i namngjevinga vil vera gjenkjenneleg og gi ein heilskap til området. Dette er og grunngjevinga for namna brukt i parsell 3-7.

Parsell 3 Gneisvegen

Parsell 4 Konglomeratvegen

Parsell 5 Marmorvegen

Parsell 6 Grønsteinvegen

Parsell 7 Fylittvegen

Konklusjon

For dei aktuelle parsellane foreslår kommunedirektøren å leggja desse namneforslaga ut på høyring:

Parsell 1: Larheivegen

Parsell 2: Sandsteinvegen

Parsell 3 Gneisvegen

Parsell 4 Konglomeratvegen

Parsell 5 Marmorvegen

Parsell 6 Grønsteinvegen

Parsell 7 Fylittvegen

Ingen av dei foreslåtte namna er i konflikt med eksisterande vegnamn i Time.

Kommunedirektøren i Time, den 11.02.2026

Trygve Apeland

Vedlegg:

Nye adresseparsellar for namnsetting - 0541.00 Områdeplan for BL1, BLF1 og GL2
Kartutsnitt, adresseparsellar
Plankart 0541.00

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur